



## Rogaland

Sommartid, og kanskje har mange allereie starta ferien, men her kjem nokre ord me i Rogaland Bygdekvinnelag vil de skal ta me dykk.

Det har så lang vore veldig kjekt og spanande å følgje med på alt som har føregått rundt i lokallaga. Om ikkje det er nok så vil me utfordre dykk til å komme med innspel til politisk program, både til fylkespartia og kommunepartia.  
Fleire saker er viktige å få fram.

Som f.eks:

- Det må bli nullvisjon å ta av matjorda.
- Me vil framleis ha støtte til frivilligheita.
- Den immaterielle kulturarven er viktig å ta vare på.
- Tiltak til skulefrukost. Det er eitt viktig bidrag for dei unge.
- Samferdsel, god og trygg kollektivtransport.
- Norsk mat, har du sjekka kvar mjølet kjem frå?

Bruk gjerne Politisk plattform for å få rettleiing til kva me står for. Den finn de her:[https://bygdekvinnelaget.no/sites/default/files/2021-10/politisk\\_plattform.pdf](https://bygdekvinnelaget.no/sites/default/files/2021-10/politisk_plattform.pdf)

10.-11.juni var 7 delegater frå Rogaland med på landsmøtet til Norges Bygdekvinnelag, i Bergen. Mykje god diskusjon, godt val, og ein resolusjon vart til. KvinnerUT var representerte av meldemer frå Sand Bygdekvinnelag. For å sjå kven som no sit i sentralstyret, kan de sjå her: <https://bygdekvinnelaget.no/jorun-henriksen-gjenvaegt-som-leder-i-norges-bygdekvinnelag>

Resolusjonen går ut på å få matprodusenter til å merkje kvar mjølet kjem frå. Dette vart sendt som forslag til lesarinnlegg til alle lokallag, og me vil gjerne at de sender inn til avisar og media for å peike på kor viktig i tida, dette er.

No er me midt i mellom gamalt og nytt prosjekt. «Bygdekvinner deler matgleder» har stort sett igjen å samla det heile i ein sluttrapport. I det nye prosjektet er det kome sju søknader frå lokallaga Bjerkeim, Imsland, Hjelmeland, Nærø, Sandnes, Skjold og Time. Felles søknad til Gjensidigestiftelsen skal inn 15. september. Me kryssar fingrar!

I november vert det, som tradisjonen er, skipa til lokallagsamling, og denne gongen har me i distriktstyret invitert med både Aust- og Vest Agder. Samlinga skal vere på Scandic Forus 18.-20.november. Både medlemer og styremedlemer bes allereie nå å setje av datoane. Variert program med både inspirasjon og organisasjonsarbeid.

Håpar alle får ein god sommar. Til å slappe av, og til å lade opp. Nyte ein eller fleire turer. Eller kose seg heime, og kanskje med besøk. Kanskje treff de på nokon som har lyst å verte medlem? Me i styret tek og fri, men skulle det vere noko, må de berre ta kontakt. Elles snakkest me etter sommaren.

Mvh. oss i styret i Rogaland Bygdekinnelag



Ein blid gjeng frå Rogaland samla på landsmøtet: Bak frå venstre Grete Holmbo, Margunn Nedrebø, Marianne Jøsang, Gro Mabel Anda, Margrete Tytlundsvik, Aslaug Sandanger, Inga Lill Håkull, Alia Saeed og Ann Karin Hammer. Framme frå venstre er det Solveig Marie Ådneram, Liv Karin Strand og Unni Johannesen Skadsem.



Dette er oss som er i styret i Rogaland Bygdekvinnelag. Frå venstre: Leiar Marianne Jøsang, nestleiar Solveig Marie Ådneram, kasserer Gro Mabel Anda, styremedlem Margrete Tytlandsvik, styremedlem Aslaug Sandanger og styremedlem Inga Lill Håkull. Ikkje med på biletet: 1.vara Alice Tengesdal.

Bileta er tekne av Helle Berger, Norges Bygdekvinnelag